



Setesdal spelemannslag
Astri Ryssland
4748 RYSSTAD

Saksbehandlar: Hildegunn Bjørgen
Direkte tlf.: +47 21 04 58 70

Vår ref.: 15/230-29
Dykkar ref.:

Vår dato: 16.02.2016
Dykkar dato:

Nominasjonsforslag frå Setesdal Spelemannslag m.fl til UNESOCs internasjonale lister

Kulturrådet viser til nominasjonsforslag frå Setesdal Spelemannslag, Agder Folkemusikkarkiv og Setesdalsmuseet til UNESCOs Representative List av 20. januar 2016.

Innan fristen var det kome inn to nominasjonsforslag til Kulturrådet. Forslaga i 2016 er:

Representative List:

Practice of traditional dance and music in Setesdal. Dancing, playing and singing (stev/stevjing), sendt inn av Setesdal Spelemannslag m.fl.

Urgent Safeguarding List:

(1) Old two-parted dance music called “polsk”, gathers “gangar” (walking dance in even rhythm) and “springar” (“running dance” in asymmetric rhythm). (2) A new variant covers only the “springar”, sendt inn av Anno Museum AS.

Kulturrådet har i si innstilling til Kulturdepartementet tilrådd at nominasjonsforslaget frå Setesdal Spelemannslag m fl. blir sendt vidare til UNESCOs internasjonale lister i 2016.

Det innsendte forslaget frå Setesdal Spelemannslag m.fl. heldt etter vårt syn jamt over høg kvalitet. Etter Kulturrådet si meining er forslaget godt forankra i kriteria til UNESCO og svarer på spørsmåla i nominasjonsskjemaet.

Før nominasjonsforslaget kan bli sendt til UNESCO, er det nokre punkt som må rettast opp i nominasjonsforslaget. Vi viser i den samanhengen til kontakt der vi går gjennom det innsendte forslaget saman med dykk og Norsk senter for folkemusikk og folkedans.



Med helsing

Brit Holtebekk
seksjonsleder

Hildegunn Bjørgen
seniorrådgjevar

Godkjent og ekspedert elektronisk

Kopimottakar:
Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 OSLO